

## Klart for ny sykkelrebus

26.04.2013



**1.mai er onsdag til veka og då inviterar idrettslaget til tradisjonell sykkelrebus rundt dalen. UIL stillar opp med oppgåver, premiar, kaker og kaffi og det ligg an til å verta ein ny, triveleg familiedag.**

Påmelding og start skjer frå klokka 12 og siste frist for påmelding er 13.30, opplysar Anbjørn Høivik.

På heio sel UIL pølser, brus kaker og kaffi og det kostar ikkje meir enn 40 kroner pr. person eller 100 kroner for ein familie å bli med i rebusen. Og tenk på all den mosjonen som ein får heilt gratis!

Det er fine premiar til beste lag og beste deltakar.

Appellen frå Anbjørn en slik:

**SMØR KJEDA, PUMP LUFT OG SJEKK BREMSANE, TA MED LITT PENGAR OG MYKJE GODT HUMØR.**

På biletet over er familien Arnesen undervegs på Kjerlandssido eit tidlegare år. Merk at dei er forskriftsmessig utstyrt slik alle bør vera.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen